

*«Til  
ungdommen»*

## Sosialpolitikk og kulturradikalisme



☛ Mellomkrigsåra, det vil seie 1920- og 1930-åra, var ei tid med sterkt fokus på sosialpolitiske spørsmål. Arbeidsløyse, økonomiske nedgangstider og fattigdom kravde ein sosialorientert litteratur.

☛ I tillegg var mellomkrigstida prega av aukande politiske spenningar og av åtak

på demokrati og menneskerettar i Europa. Mange var derfor opptekne av politiske spørsmål. Her heime kom det fleire unge stemmer inn i samfunnsdebatten, og dei utgjorde til saman eit radikalt opprør innanfor sentrale kulturinstitusjonar som aviser, tidsskrift, teater og forlag.



*Sigurd Hoel og Helge Krogh. Foto: Odd Nicolaysen / Aktuell / Scanpix*

☛ Kjende namn i denne samanhengen er Sigurd Hoel, Arnulf Øverland, Helge Krog og Nordahl Grieg. Dei

tre første blir gjerne omtalte som *kulturradikalarar* fordi dei sjokkerte det norske samfunnet ved å utfordre kyrkje, skule og familieliv.

## Å gå inn i si tid

☛ Nordahl Grieg hadde i større grad ein politisk agenda. Han hadde vore i Spania og opplevd fascismens frammarsj på nært hald, og han såg det som ei viktig oppgåve å skape ein antifascistisk front. Grieg såg det slik at den einaste krafta som kunne redde Europa frå fascismen, var ei folkeleg rørsle. Det måtte handling til, meinte Nordahl Grieg, og han oppmoda dei intellektuelle til å vere med i kampen:

*Kringsatt av fiender,  
gå inn i din tid!*

*Under en blodig storm –  
vi deg til strid!*

*(utdrag av «Til ungdommen», 1936)*

☛ Nordahl Grieg levde sjølv slik han oppmoda andre til å gjere. Han var tidleg viss på at det var diktar han ville bli, men samstundes ville han aktivt ta del i hand-



lingar. Han var oppteken av krigshistorie og heltar som fall i strid under første verdskrigen, han hadde eit sosialt engasjement, og i tillegg hadde han ein utferdstrong som førte han på mange reiser.

☞ Nordahl Grieg var fødd i Bergen og voks opp der. Alt som 17-åring reiste han til sjøs, og dette gav inspirasjon til diktsamlinga *Rundt Kap det gode Haab. Vers fra sjøen*, som kom i 1922. To år seinare kom romanen *Skibet gaar videre*, og her taler han sjømannens sak og set søkjelyset på dei dårlege vilkåra som rådde om bord i båtane på den tida.

☞ Dette diktet var i mange år fast innslag i fleire lesebøker:

### **Flagget**

*Det vugges gjennom den bløte monsun,  
det flerres av Sydpolens blest,  
det flammer fra Grønland ned til Rangoon,  
det bølger fra Canton til Brest.  
Norge er større enn nogen vet av:  
hvert skib under flaggets vift  
er på det endeløst øde hav  
et nytt stykke Norge i drift!*

## Kampen mot fascismen



*Nordahl Grieg i Spania i 1937, under borgarkrigen*

☞ I 1930-åra var Nordahl Grieg svært engasjert i kampen mot krig og fascisme. Han var ei rastlaus sjel, alltid på vandring, og han lengta etter å gjere noko som kunne endre den verda han levde i.

☞ Denne lengselen og utferdstrongen førte Grieg på stadig nye reiser. Alt i 1927 var han i Kina som journalist under borgarkrigen, og etter denne turen framstod



dei sosiale problema i verda klart for han. Han var i Hellas som reporter, og han skreiv reisebrev for ulike aviser – alltid på oppdrag.

☞ Nordahl Grieg budde to år i Sovjetunionen, frå 1933 til 1935, og kom heim som overtydd kommunist. Han var sikker på at vegen fram til eit samfunn i solidaritet og fred måtte gå gjennom kommunismen.

☞ Under Moskva-opphaldet fekk han òg ei sterk interesse for teater, og han oppdaga eit scenisk uttrykk som han seinare tok inn i skodespela *Vår ære og vår makt* (1935) og *Nederlaget* (1937). Grieg var særleg interessert i at teateret skulle vere eit forum for samfunnsdebatt. Dessutan hadde han lært seg ein teknikk frå film og teater i Moskva: eit scenebilete som skifte mellom to skodeplassar. Det skulle gi stykket og tilskodarane ei intens og nær oppleving.

☞ Grieg var stadig på reise, i Tyskland, Italia og England. I 1937 var han i Spania og arbeidde som reporter under borgarkrigen. Opphaldet der gjorde eit sterkt inntrykk på han, og uroa over fascismens framvekst vart forsterka.



*Den spanske borgarkrigen*



*Gullreservane i Noregs Bank vart førte ut av landet med tog, lastebilar og fiskeskøyter i april 1940 – den såkalla gulltransporten. Her ser vi ein pause under transporten, i midten Nordahl Grieg. Foto: Scanpix*

☞ Også når han var i heimlandet, var han på reise. Han var spesielt fascinert av Finnmark og reiste nordover fleire gonger. Her fann han ro og inspirasjon til å skrive. Eit av dei mest kjende dikta hans er «Morgen over Finnmarksvidda»:

*Lutende ned mot skavlen,  
rakt mot det blinde kov,  
stod der en ren og været,  
skrapet så med sin klov; –  
og slik, med ett, som den hugget  
dypt i den frosne grav,  
spratt som et lys mot mulen, –  
klumper av blågrønn lav.*

☞ I Finnmark fann han harmoni og fred i sjela, og her var det naturen og dyrelivet, ikkje krig og sosial urett, som gav inspirasjon.

## «Til ungdommen»

☞ Nordahl Grieg var ein politisk omstridd person fordi han forsvara kommunismen. Samstundes var han klar i åtvaringa mot nazismen og trugsmålet om krig. I fleire år før Hitler invaderte Polen i 1939, hevda Nordahl Grieg at krigen ville kome.

☞ Diktet «Til ungdommen» er eit bestillingsverk, framført ved opninga av Studentersamfundet i Oslo hausten 1936:

*Kringsatt av fiender,  
gå inn i din tid!  
Under en blodig storm –  
vi deg til strid!*

*Kanskje du spør i angst,  
udekket, åpen:  
hva skal jeg kjempe med,  
hva er mitt våpen?*

*Her er ditt vern mot vold,  
her er ditt sverd:  
troen på livet vårt,  
menneskets verd.*

*For all vår fremtids skyld,  
søk det og dyrk det,  
dø om du må – men:  
øk det og styrk det !*

*Slik går granatenes  
glidende bånd.  
Stans deres drift mot død,  
stans dem med ånd.*

*Krig er forakt for liv.  
Fred er å skape  
Kast dine krefter inn:  
Døden skal tape!*

*(6 av 14 strofer)*

☞ I diktet gir Nordahl Grieg uttrykk for eit humanistisk menneskesyn. Han trur på dei gode kreftene i mennesket, og han trur at desse kreftene er sterkare enn dei destruktive når dei blir sette på prøve.

☞ «Til ungdommen» har mykje til felles med Arnulf Øverlands dikt «Du må ikke sove». Både Grieg og Øverland hadde vore i Spania og opplevd fascismen på nært hald, og begge var opptekne av at vi er forplikta til å kjempe for rettferd og fridom. Bodskapen i dikta er den same: Fridomen må forsvarast når han står i fare – og før det er for seint.

☞ Rudolf Nilsen hadde teke opp dei same tankane i «Revolusjonens røst» ti år tidlegare. I motsetning til Nilsen, som mante til væpna kamp, meinte Grieg at kampen for fred kunne vinnast ved å bruke menneskeleg fornuft og ånd.

**i** **Ikkje berre politisk kamp**  
*Nordahl Grieg var først og fremst politisk diktar, og for krigsgenerasjonen vart han ein nasjonal folkehelt. Men dette vakre diktet viser at livet ikkje berre handlar om politisk kamp. Kvardagsliv og kjærleik høyrer òg med.*

## Journalisten og krigsreporteren

☞ Nordahl Grieg var ikkje berre lyrikar, dramatikar og romanforfattar. Han var også journalist og ikkje minst krigsreporter. Etter krigsutbrotet i april 1940 melde han seg til teneste, og han var med på den famøse gulltransporten gjennom Nord-



### **Nordal Grieg vart sjølv ein krigshelt**

Om kvelden 2. desember 1943 gjekk Nordahl Grieg om bord i eit bombefly av typen Lancaster. Flyet sette kursen mot Berlin, og Grieg var med som journalist og skulle rapportere om bombetoktet over den tyske hovudstaden. Det var eit vågalt oppdrag, men det var viktig for Grieg å vere med der det skjedde. Få timar seinare vart flyet skote ned av ein tysk granat, og alle om bord miste livet. Her er Grieg (nr. 2 frå høgre) med mannskapet på eit tokt til Noreg i 1942.

Foto: Scanpix

Noreg til England som sikra at gullreservane i Noregs Bank ikkje fall i hendene på tyskarane.

☞ Grieg stod fram som ein talsmann for Noregs sak i krigsåra, og det gjorde sterkt inntrykk på eit okkupert folk da han las dikt for dagen i Tromsø radio på sjølvaste 17. mai:

### **17. mai 1940**

*I dag står flaggstangen naken  
blant Eidsvolls grønnende trær.*

*Men nettopp i denne timen  
vet vi hva frihet er.*

*Det stiger en sang over landet,  
seirende i sitt språk,  
skjønt hvisket med lukkede lepper  
under de fremmedes åk.*

☞ Norske krigsdikt gjekk oftast som sten-silar frå hand til hand, og det var i London-tida under krigen at Nordahl Grieg vart kjend som ein stor lyrikar. For krigsgenerasjonen var Grieg ein folkehelt, og krigslyrikken hans framstår som den aller viktigaste delen av forfattarskapen.



